



REFERAT: MØTE I NORDFJORD VASSOMRÅDEUTVAL

Tid: fredag 22. april kl 10.00 (11:00) – 14.00

Stad: Sandane, kommunestyresalen

Frammøtte medlemmar:

Åse Leirgulen	Bremanger kommune, politisk vald medlem
Bjørn Henry Martiniussen	Bremanger kommune administrasjon kontakt
Kirsti Ohrvik Olsen	Eid kommune, politisk vald medlem
Stanislawa Voldsund	Eid kommune administrasjon kontakt
Arnar Kvernevik	Gloppen kommune, politisk vald medlem
Per Ove Fosshheim	Gloppen kommune administrasjon kontakt
Jacob Andre Sandal	Jølster kommune, politisk vald medlem
Solfrid Trå	Jølster kommune administrasjon kontakt
Veronica Hatlenes	Selje kommune, politisk vald medlem
Kristian Nave	Selje kommune administrasjon kontakt
Odd Rønningen	Stryn kommune administrasjon kontakt
Monica Kråkenes	Vågsøy kommune, politisk vald medlem
Edvard Iversen	Vågsøy kommune, politisk varamedlem
Ingvald Tennebø	Vågsøy kommune administrasjon kontakt
Merete Farstad	Sogn og Fjordane fylkeskommune
John Anton Gladsø	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Janne Ølmheim	Statens vegvesen Region Vest
Staffan Hjøhlman	prosjektleder

Andre frammøtte:

Vegard Fagerlid	Sogn og Fjordane Energi
Anita Sæther	Sogn og Fjordane Bondelag
Thorleif Jacobsen	Sogn og Fjordane Naturvernforbund

Forfall:

Frode Briksdal	Stryn kommune, politisk vald medlem
Ola Inge Seljeset	Hornindal kommune, politisk vald medlem
Ståle Hatlelid	Hornindal kommune administrasjon kontakt
Are Natland Bøe	Mattilsynet Sør g Vest, avdeling Nordfjord
Siss-May Edvardsen	NVE Region Vest
Hanne Marie Utvær	Fiskeridirektoratet region Vest
Lene Røkke Mathisen	Kystverket Vest

10:00 – 11:10 Orientering: vassregionstyresmakten v/ Merete Farstad heldt ei innføring i vassforvaltning etter vassforskrifta, spesielt retta mot nye medlemmar i vassområdeutvalet.



Nordfjord vassområde

Det formelle møtet starta kl 11.20

SAKSLISTE

Sak 1-2016 Val av leiar.

Jamfør prosjektplanen for Nordfjord vassområde 2016 – 2021 (vedlagt), avsnitt 3.2:

Det er oppretta eit vassområdeutval som fungerer som styringsgruppe for prosjektet, med ein vald politisk representant frå kvar kommune, og i tillegg representantar frå fylkeskommune og regionale mynde. Vassområdeutvalet vel leiar.

Leiaren bør veljast blant dei politiske representantane for kommunane. Grunngevinga for dette er at kommunane har ein spesiell rolle i vassområdeutvalet. Planprogrammet til Sogn og Fjordane vassregion seier følgjande om kommunane si rolle:

«... Kommunane er areal- og planstyresmakt og har sektormynde på område som landbruk, miljø, vatn og avløp, ureining etc. Kommunane har eigne verkemidlar og / eller har delegert myndigheit frå staten. På lokalt hald legg difor vassregionmyndigheita opp til at kommunane får ansvaret for å leie arbeidet i vassområda. Vassregionmyndigheita rår kommunane til å trekke inn flest mogleg av aktørane som kan bidra med kunnskap og i gjennomføring av tiltak. ...»

Det er ingen kommune som peikar seg ut som meir naturleg enn andre for å ha leiaren. I fyrste planperiode 2010 – 2015 var Gloppen vertskommune, og var difor representert i arbeidsutvalet. Etter at fylkeskommunen overtok som arbeidsgjevar for prosjektleiarane, fell vertskommune-rolla vekk.

Sak 1-2016 Val av leiar

Nordfjord vassområdeutval 22.04.2016:

Jakob Andre Sandal, varaordfører i Jølster kommune, vart samrøystes vald til leiar for Nordfjord vassområdeutval

Åse Leirgulen, kommunepolitkar i Bremanger kommune, vart samrøystes vald som nestleiar

Sak 2-2016. Organisering

Organisering, evaluering av 1. planperiode 2010 – 2015

Prosjektgruppe / administrativ samarbeidsgruppe

*«Prosjektgruppa skal vere sekretariat og koordinator i arbeidet med å skaffe faglege opplysningar og informasjon til forvaltningsplanen. Prosjektgruppa, eventuelt i samarbeid med temagrupper, utarbeider framlegg til tiltak og arbeidsoppgåver som skal gjennomførast på vassområdenivå, og rapporterer til vassområdeutvalet. Prosjektgruppa er samansett av representantar frå administrasjonen i kommunane i Nordfjord vassområde. I denne gruppa skal det vere ein prosjektleiar som og skal ha sekretærfunksjon...»
(prosjektplan avsnitt 3.3)*

Postadr.: Gloppen kommune Grandane 9 6823 Sandane	Telefon: 57 88 38 00 90 40 26 61	Telefaks: 57 88 38 01	Organisasjonsnr.: 964 969 124	E post: post@gloppen.kommune.no
--	--	--------------------------	----------------------------------	---



Nordfjord vassområde

Prosjektgruppa sine oppgåver kan mellom anna vere:

- Iverksette miljøovervaking innanfor vassområdeutvalet sitt budsjett
- Utarbeide framlegg til årlege aktivitetsplanar for vassområdet
- Utarbeide framlegg til tiltaksanalyse og gi innspel til overvakingsprogram
- Utarbeide framlegg til innspel til overvakingsprogram
- Vurdere miljømål for vassførekomstane
- Legge til rette for medverknad frå alle interesserte i alle faser av arbeidet
- Utført arbeid blir å legge fram for vassområdeutvalet.

Referansegruppe (liste over medlemar, vedlagt). **Det er høve til å spele inn framlegg om andre medlemar.** Medlemane på lista vil bli tilskrivne og bedne om å melde tilbake om dei framleis ynskjer å vere med i referansegruppa, samt kontrollere at våre kontaktopplysningar er oppdaterte. Dei som ikkje svarer innan ein gjeven frist blir strokne frå lista.

«Det bør opprettast ei referansegruppe for prosjektet som er samansett av frivillige organisasjonar, interessentar, private verksemder og enkeltpersonar i vassområdet. Referansegruppa får orientering om arbeidet i vassområdet og har høve til å kome med tilbakemeldingar og innspel. Referansegruppa vert oppretta for å legge til rette for medverknad i prosessane og arbeidet. Aktuelle interessentar kan trekkjast inn i arbeidet i ulike temagrupper...»
(prosjektplan avsnitt 3.5)

Vassområdeutvalet har hatt praksisen å invitere referansegruppa til møta i vassområdeutvalet, og at møta er opne for ålmenta.

«Vassområdeutvalet har ansvar for å leggje til rette for medverknad frå kommunar, sektorstyremaktar og interesseorganisasjonar.»
(prosjektplan 2016 – 2021, avsnitt 3.2 vedlagt).

Temagrupper

«Vassområdeutvalet vil opprette temagrupper ut frå dei mest aktuelle problemstillingane i vassområdet. Dette for å legge til rette for brei medverknad på tvers av sektoransvar og fagdisiplinar der lag og organisasjonar skal ha moglegheit for å bidra. I fyrste omgang blir det nedsett 2 temagrupper: landbruk og spreidde private avløp. Kommunane som styresmakt vil vere representerte i desse temagruppene. I tillegg vil vassområdeutvalet invitere representantar frå Fylkesmannen og lokale og regionale interesseorganisasjonar.»
(Prosjektplanen avsnitt 3.4)

Medlemar i vassområdeutvalet blir oppmoda til å melde interesse for deltaking i temagrupper, i fyrste omgang innan tema jordbruk og avløp. Det er førebels oppe kor mange møte temagruppene skal ha, eller kor store dei skal vere. Prosjektleiari legg til grunn å invitere medlemar frå kommunar og interesseorganisasjonar breitt til fyrste møte våren 2016, der ein så vurderer gruppene sin storleik og samansetnad.

Postadr.:	Telefon:	Telefaks:	Organisasjonsnr.:	E post:
Gloppen kommune	57 88 38 00	57 88 38 01	964 969 124	post@gloppen.kommune.no
Grandane 9	90 40 26 61			
6823 Sandane				



Nordfjord vassområde

Planprogram for Sogn og Fjordane vassregion skal reviderast for 2. planperiode, førebels frist for å sende planprogrammet på høyring er 01.01.2017. Planprogrammet skildrar mellom anna oppgåver og organisering. Vassområdeutvalet kan spele inn framlegg til planprogrammet.

Sak 2-2016 Organisering

Nordfjord vassområdeutval 22.04.2016

Etter tilføyning til Prosjektgruppa sine oppgåver: «Førebu saker til vassområdeutvalet»«, vart det gjort slikt **SAMRØYSTES VEDTAK**:

Vassområdet vert organisert som vist i saksgrunnlaget.

Vassområdeutvalet opprettar ein temagrupper for landbruk og ein temagruppe for avløp i Nordfjord vassområde.

Prosjektgruppa kan gjennomføre oppgåver i tråd med vassforskrifta, prosjektplan for Nordfjord vassområde 2016 - 2021 og Planprogrammet for Vassregion Sogn og Fjordane.

Prosjektgruppa sine oppgåver vil mellom anna vere:

Førebu saker til vassområdeutvalet

Iverksette miljøovervaking innanfor vassområdeutvalet sitt budsjett

Utarbeide framlegg til årlege aktivitetsplanar for vassområdet

Utarbeide framlegg til tiltaksanalyse og gi innspel til overvakingsprogram

Vurdere miljømål for vassførekomstane

Legge til rette for medverknad frå alle interesserte i alle faser av arbeidet

Utført arbeid blir å legge fram for vassområdeutvalet.

Sak 3-2016 Aktivitetar i 2016

Overvaking

På bakgrunn av tiltaksprogrammet, vassførekomstar i risiko, påverkader som kommunane er styresmakt for (hovudsakeleg landbruk og avløp), og eksisterande kunnskapsgrunnlag, er det sett saman ein plan for overvaking i 2016.

Vassprøver 4 gonger (vår, førsommar, ettersommar, haust). Kommunane syt for sjølve prøvetakinga i felt for eigen kostnad. Analysekostnadene vert dekkja av prosjektmidlar som vassområdet disponerer (finansiert av fylkesmannen, fylkeskommunen og kommunane). Fylkeskommunen vil hente inn pris på rammeavtale med laboratorium. Prisane nedanfor er overslag basert på einingsprisar frå tidlegare avtalar med laboratorium. Totalsummen er 172 400 kr. Det er budsjettert med 300 000 for å ta høgde for endringar i prisar, tillegg for rapportering og liknande.



Nordfjord vassområde

Kommune	Tal vass- førekomstar	Tal prøvepunkt 4 prøver/år	Tal prøvepunkt 1 prøve/år	Prisoverslag 2016
Bremanger	1		4	2 800
Eid	9	8	9	28 700
Gloppen og Jølster	12	22	24	78 400
Hornindal	4	4		11 200
Selje	1		3	2 100
Stryn	10	6	24	33 600
Vågsøy	1	2		5 600
SUM	38	42	64	162 400

Biologisk prøvetaking (fastvoksende algar eller botndyr). Undersøking ved konsulent. Prisoverslag basert på erfaringstal.

Kommune	Tal vass- førekomstar	Sum tal prøvepunkt	Prisoverslag 2016
Jølster	1	1	10 000

Synfaringar

Det vil bli gjennomført synfaringar/bekkevandringar for visuell vurdering av tilstand, samt lokalisering av problemkjelder. Deltakarane vil variere avhengig av påverknader i den aktuelle vassførekomsten. I tillegg til kommunar (administrativt og politikarar) og prosjektleiar er det aktuelt med deltaking frå fylkesmannen, sektorstyresmakter og medlemar i referansegruppa. Førebels ligg det an til å bli 5 dagar med synfaring i 2016, men dette kan bli endra på fagleg grunnlag. Det er rekna med ein kostnad under 5 000 kr pr dag (eventuelt møtelokale, mat osv.), som kjem under budsjettposten drift.

Møteverksemd

Prosjektgruppa (administrativ samarbeidsgruppe) har hatt møte kvar fjerde veke og vil halde fram med det inntil vidare. Det er ikkje planlagt fleire møte i Vassområdeutvalet utover den 22.04. Det er planlagt oppstart av temagrupper innan landbruk og avlørp. Ved behov har prosjektleiar møte med enkelte styresmakter og kommunar i vassområdet.

Biotoptiltak i vassdrag

Det er planar om biotoptiltak i Bortneelva i Bremanger kommune. Dette omfattar tiltak for å utbetre eit vandringshinder ved ein dam med vassuttak, utplassering av buner og steinar samt utdjuping ved utløpet. Finansieringa er planlagt som eit spleislag mellom Sogn og Fjordane energi, Statens vegvesen, Fylkesmannen og Nordfjord vassområde. Bremanger kommune v/ leiar plan og forvaltning har slutta seg til å bruke 80 000 av prosjektmidlane **til Nordfjord vassområde** på desse tiltaka.

Nordfjord vassområdeutval 22.04.2016: Statens vegvesen tok atterhald om deltaking i biotoptiltak i Bortneelva. Det vart presisert at dei 80 000 gjeld Nordfjord vassområde sine prosjektmidlar (tilføyd i utgreiinga over).



Nordfjord vassområde

Sak 3-2016 Aktivitetar 2016

SAMRØYSTES VEDTAK:

Vassområdeutvalet sluttar seg til prosjektgruppa sine planar for aktivitetar i 2016

Sak 4-2016 Rekneskap og budsjett

Førebels rekneskap for 2015 legg til grunna at Vassområdet hadde disponible restmidlar frå åra 2012 – 2014 på kr 282 000. På grunn av 50 % prosjektleiarstilling (budsjetter med 100 % stilling) og små driftsutgifter viser rekneskapen eit overskot på 749 454 kr i 2015 som er avsett til seinare bruk. Ved inngangen av 2016 hadde vassområdet såleis 1 031 454 kr i disponible midlar.

Budsjettet for 2016 er i samsvar med prosjektplanen for 2016 – 2021. Det er for 2016 ikkje budsjettet med å bruke restmidlar frå tidlegare år. Det er venta at utgiftene vil auke i 2017, mellom anna i samband med problemkartlegging av fysiske inngrep (forbygging, kanalisering, fiskevandringshinder med meir), slik at det då blir trong for å nytte av restmidlane.

	REKNEKAP 2015 (førebels)	BUDSJETT 2016
Finansiering:	950 000	770 000
Ref Sunnfj:	32 764	
Frå FM 2015:	150 000	
Lønnsutgifter GK 2015:	-130 949	
Lønnsutgifter FK 2015:	-212 236	-370 000
Drift GK 2015:	-11 624	
Drift GK 2015:	-16 501	
Drift FK 2015:	-12 000	-100 000
Vassanalysar, overvaking:		-300 000
Biotoptiltak vassdrag		-80 000
Resultat 2015:	749 454	-80 000
Beholdning 01.01.	282 000	1 031 454
Beholdning 31.12.	1 031 454	951 454

Sak 4-2016 Rekneskap og budsjett

Nordfjord vassområdeutval 22.04.2016, SAMRØYSTES VEDTAK:

Vassområdeutvalet tar rekneskapen for 2015 til vitande .

Vassområdeutvalet godkjenner budsjettet for 2016.

Vedlegg:

Prosjektplan for Nordfjord vassområde 2016 – 2021

Referansegruppe til Nordfjord vassområde

Overvaking og synfaringar 2016